

REFERAT MEDVERKNADSMØTE FOR OMRÅDERGEULERINGSPLAN NESTANGEN 01.11.23

Sogndal kommune inviterte onsdag 1. november til ope medverknadsmøte for områdereguleringsplan Nestangen. Det møtte opp over 50 personar – både naboar, arkitektar, utbyggjarar og grunneigarar. På møtet ble det presentert rammer, mål og framdrift for områdeplanen. Asplan Viak, presenterte 3 konseptskisser som har blitt utarbeida i lag med kommunen.

Etter presentasjonane ble alle delt opp i grupper med ulike oppgåver. Gjennom oppgåvene skulle gruppene svare på kva dei ønska i området, og skrive det ned. Nedanfor er referat frå medverknadsmøtet med gruppene sine innspel, delt inn i kategoriar. Dei som var på møtet, vart og oppfordra til å sende inn skriftlege innspel i etterkant av møtet. Dei er lagt ved den politiske saka i sin heilheit – men ikkje besvart.

JORDVERN OG JORDBRUK

Innspel som er negative til at jordbruket skal byggjast ned

- Ta vare på epletrær
- Ikkje ta meir matjord enn me må
- Viktig med jordvern – fleire peiker på dette, og at mattryggleik er viktig.
- Om ein ønskjer å drive jordbruk, bør ein tenkje på korleis nabobebyggelsen legg til rette/tar omsyn til det (t.d. sol/skygge, høgde, avstand mtp sprøyting, støy m.m.). Fleire peiker på at det er viktig at den nye bebyggelsen tar omsyn til dette.
- Viktig med matjord i sentrum
- Fruktgardar er ein del av Sogndal sin identitet
- Det er ein god bukvalitet å bu ved sida av fruktgarden
- Vi treng fruktdyrking og matjord i drift i Sogndal!
- Vil ha konsept small som tek omsyn til fruktgarden

Innspel som er «positive» til at jordbruket skal byggjast ned

- Det er ein utopi at alt jordbruksareal skal vernast
- Dersom planen skal ha 30-40 års perspektiv er det vanskeleg å sjå for seg at «small» dekker bustadbehova. Viss ein går for medium bør det vere klare rekkjefølgjekrav for å ta vare på frukthagen/fruktgarden lengst mogleg, då det er viktig at me har fruktdyrking og matjord i drift i Sogndal.

GRØNTOMRÅDE

- Landskapsryggen bør vere «fri»/ubebygd
- Viktig at området er bra for dei som ikkje bur der og – uteleik og møteplassar
- Bør vere meir grønt i området, og rundt Folkehøgskulen
- Ta vare på grønstruktur
- Ta vare på fjord/fjell akse og siktliner
- Viktig med gode møteplassar. Fleire peiker på dette
- Viktig med tilgang til fjorden/vatnet
- Det må vere frie leikeareal i området (ikkje berre barnehagen sitt område). T.d. til aking
- Ein bør ha fellehage

- Ein bør ha samanhengande grønstruktur. Dette er viktig mtp. biomangfald

INNFALLSPORT

- Viktig med eit harmonisk/godt visuelt inntrykk ved tilkomst frå Loftesnesbrua
- Viktig å tenke på kva som «møter deg» når du kjem til Sogndal
- Vurdere om bensinstasjon skal vere ein del av det visuelle intrykket ved tilkomst Sogndal
- Fruktgarden syner Sogndal sin identitet. Fleire peiker på dette

ANDRE OMSYN SOM MÅ TAKAST OMSYN TIL

- Ta vare på Solhov (Ungdomshus)
- Ta vare på Folkehøgskulen
- Ta vare på kulturmiljø og kulturminne i området. Fleire peiker på dette.
- Overflatevatn – bør vere ein heilskapleg tankegang/løysning i området

OMSYN SOM BØR SIKRAST VED NY BEBYGGELSE I OMRÅDET

Design og arkitektur

- Færrast moglege høge murar i området
- Menneskeleg skala. Viktig for trivsel!
- Ta vare på småhusmiljø, og den identiteten det gir. Fleire peiker på dette.
- Nokon meiner at småhus er 3-4 etasjar
- Det bør vere rekkehus her – det er eit behov for fleire av dei i Sogndal
- Utforming og estetikk er viktig i området. Også mtp. innfallsport og visuelt inntrykk
- Val av materiale er viktig. Tre?
- Ny busetnad bør følgje landskapet
- Bør ikkje ha store bygg mot fjorden då det stenger tilgang til fjord og utsikt
- Nokon meiner ein bør ha det høgst mot fjorden, for så å trappe ned oppover for å ikkje bli for ruvande mot eksisterande bygningar
- Byggje vidare på eksisterande strukturar – «småhuskjensle»

Bebuarane

- Bør byggjast for alle aldersgrupper
- Blanda bustadstruktur
- Eldre + barnefamiljar i same blokk?
- Barnefamiljar i nærleiken av barnehage (leikeareal og logistikk)
- Utleigedelar for studentar
- «Etableringsfase-familjar» som ønskjer å gå rett ut på fjellet
- Bør ha stor bodplass til friluftsutstyr

Andre omsyn

- Når ein først bygger ned matjord, bør ein utbytte godt det ein tek
- Utsikt til fjorden er ein sentral bukvilheit i området
- Viktig med kva som skjer mellom husa – desse areala må utformast
- Sjå på korleis ein bygge bustadar der ein og kan dyrke sin eigen mat (t.d. frukt), mtp. mattryggleik
- Ein bør bygge innimellom eksisterande bebyggelse
- Det er viktig å tenkje på korleis ny utbygging påverkar det eksisterande
- Gjer det fint langs fjorden

BARNEHAGE

- Kan barnehagen flyttast til Krossen?
- Viktig med god tilkomst frå barnehage til Røvhogane
- Barnehagen bør ligge der den ligg, men tilkomst på vegen må leggast om/bli betre. Farleg kryss.

NY VEG

- Kan ein tenkje at den nye sambindingsvegen kan leggast under bakken for å bevare samanhengande grønstruktur?
- Viktig å sikre gode kryss i tilkomst til området
- Kostbart med ny veg – kan det bli løyst ved at Navarsetevegen blir gangveg med tillat køyring til hus?
- Bruk Markavegen som tilkomstveg til øvre del av Navarsetevegen i staden for ny tilkomst
- Alternativ 2A er det beste av alternativa. Fleire påpeiker dette.
- Kan ein berre ha veg for dei som bur i området?

ANDRE TRAFIKKALE OMSYN

- Fortsette Fjordstien til klatrefelt (Kvam). Fleire peiker på at det er viktig å fortsette Fjordstien, vertfall til Kløvhola
- Ta vare på små stiar (bl.a. mellom Navarsetevegen)
- Interne veger i området må henge godt saman med vegane ut av området også. T.d. til turområde
- Trafikkavvikling i nedre Navarsetevegen må bli betre/stengast/einveiskøyring.
- Om ein gjer nedre Navarsetevegen om til gangveg, treng ein ikkje separat gangveg til Hovsmarki
- Viktig å sikre snarveg/tilkomst/gangveg til Røvhogane
- Parkering bør leggast under bakken
- Viktig med gode gangliner mtp. folkehelse
- Det må kjennast trygt mtp trafiksikkerheit, fart osv.

NÆRING

- Vurdere korleis næringsområdet skal utformast mtp. det visuelle inntrykket
- Det må jobbast med kva type næring som skal kome ned mot fjorden. Ein bør prioritere næring som er tilgjengeleg for ålmenta.
- Ein bør til retteleggje for næringsdrivande som har ein open, inviterande struktur
- Rockethouse er bra næring
- Fremje aktivitetar ned mot fjorden som gjer det til ein perle
- Skeptisk til utfylling i fjord pga. geoteknikk
- I dag er det eit næringsområde med mangel på identitet med eit lite triveleg areal mot fjorden. Dette bør bli godt utnytta og eit meir attraktivt næringsområde.
- Ein bør opna opp for kreative løysningar i næringsområdet

INNSPELL TIL PROSJEKTGRUPPA/KOMMUNEN

- Skissene/visualiseringane bør vidareutviklast for å få god politisk forankring
- Viktig med ein betre visualisering av konsept for at politikarane skal kunne ta avgjersler med omsyn til jordvern

- Ein bør ha grundige analysar av byggehøgder i ulike delar av planområdet og bygningar sin plassering i forhold til kvarandre (sikre siktliner, soltilhøve og vindtilhøve)



Dato: 01.11.2023

Målestokk: 1:2500

Koordinatsystem: UTM 32N

Tegnforkla



© 2023 Kartverket AS/Grosvæsket og kommunene i NSA. Malt © Mapbox © OpenStreetMap

forhøvet
er
brunns-buss



Dato: 01.11.2023

Målestokk: 1:2500

Koordinatsystem: UTM 32N

Tegnforklaring

